

LEDIG STILLING!



Ein av våre flinke tilsette skal flytta til Sørlandet. Me treng difor ein ny produksjonsmedarbeidar ved dørfabrikken i Skånevik. Her på bruket er me no 15 flinke tilsette, som lagar innerdører til heile landet.

Litt om kva me ser etter:

- Godt humør. Dette er veldig viktig!
- Du må ha litt tempo i kroppen. Det vil vera ein del fysisk arbeid.
- Det er stor stas om du er utdanna snekker, eller ev. tømrrar, men dette er ikkje eit krav. Relevant arbeidserfaring er fint, men det treng ikkje vera eit absolutt krav.
- Du må vera handy. Ord som drill, sag, fres og hengsle bør ikkje vera heilt ukjente for deg.
- Me ser etter deg som tar initiativ, og som vert motivert av å få ting gjort.
- Du treng ikkje ha studiepoeng innan kommunikasjon, men du må kunne kommunisera bra med dine arbeidskameratar – på norsk. Meinar du noko, så vil me gjerne høyra meininga di.
- Me vil ikkje ha ein rotekopp. Fabrikken skal vera ryddig og oversiktleg.
- Du må definitivt vera lærevillig. Det er mykje ein må lære seg for å fungere godt i jobben.
- Kjekt om du har truckførarappen, men det er ikkje noko krav.
- Du må vera over 18 år.

Oppstart:

Snarast råd, men du er ikkje diskvalifisert sjølv om du har oppseiingstid i din noverande jobb.

Oppgåver:

Me har mange ulike og spanande oppgåver som kan vera aktuelle for deg. Alt frå maling, beslagsmontering, sluttkontroll og pakking, til drift av heile produksjonslinjer og bruk av CNC-maskin.

Me driv både serieproduksjon, og ordreproduksjon. Alle her på bruket har fleire ulike oppgåver, og fleire rullerer mellom ulike stasjonar.

Om bedrifta:

Familiebedrift i full vigør i tredje generasjon, som produserer innvendige dører til bustad og yrkesbygg. Me er optimistar og ser lyst på framtida. Langsiktige mål skal me nå ved hardt og grundig arbeid over tid. Me jobbar heile tida med forbetringar, både store og små. Me investerer jamt og trutt i nytt utstyr og ny teknologi. Bedrifta er ikkje betre enn dei som jobbar her, så alle på laget vårt er viktige. Du også.

Kva kan me tilby?

- Gode kollegaer i ulik alder, ulik erfaring og ulik bakgrunn. Utan desse, så stoppar alt.
- Innandørs arbeid i temperert klima.
- Offensive tankar om framtida. Vårt mål er at me heile tida skal gjera endringar og investeringar som gjer oss meir konkurransedyktige, og som gjev ein meir spanande arbeidskvardag for dei tilsette.
- Ein trygg og stabil arbeidsplass med moglegheiter for utvikling. (Ingen permitterte sidan 1946)
- Forsikringsordningar
- Timebank
- Lønn etter avtale
- Pensjonsordning
- God opplæring, slik at du kjenner at du meistrar arbeidet.

Send din søknad og CV til produksjonsleiar Fredrik på fredrik@rknuksen.no Mob. 406 99 379.

Om du verkeleg vil jobba hjå oss, så inviterer du deg sjølv inn på besøk til Fredrik!

Meir om oss på www.dørfabrikk.no og www.facebook.com/knuSENDdoor